


Pedagogisk Psykologisk rådgjevingsteneste, Nord-Gudbrandsdal

Dovre Sel Lom Skjåk Vågå Lesja



Informasjon til skuleansvarlege, rektorar og barnehagestyrarar Nr. 3 - 2015, 16.04.2015

Arbeidssituasjonen i PPT NG

PPT NG ynskjer å gje informasjon til skuler og barnehagar om nokre forhold.

Frå hausten 2014 starta PPT NG opp med utgreiingsteam, noko vi så langt har god erfaring med. Vi har satt oss som mål at sakshandsamingstida ikkje skal vere meir enn 3 månader, dersom det ikkje er heilt spesielle årsaker til dette.

Manglande tilsette

Grunna sjukdom og permisjonar har PPT NG for tida ein til to færre tilsette i forhold til stillingsheimlane vi har.

Dette medfører eit stort press på tilsette som er i arbeid.

Vi ynskjer ikkje å innføre ventelistar til PPT NG, men det kan hende at vi ikkje greier å halde 3 månaders fristen i alle utgreiingssaker i ein periode. Vi ber også om forståing for at ikkje alle møter og all planlagd aktivitet kan gå som før. Deltaking på høgt- talande telefon, videokonferanse mv bør vurderast der det kan vere aktuelt særleg viss PP-rådgjevaren har reisetid til skulen/ barnehagen, og ein slik deltaking kan gje tilstrekkeleg medvirkning i møtet.

Mange nye meldingar

I tråd med nasjonale styringssignalar, seinast i NOU 2015:2 «Å høyre til», ynskjer PPT NG å arbeide med kompetansehevingstiltak og systemarbeid i skular og barnehagar, og vi deltek etter beste evne på det skulane og barnehagane ynskjer å ha PPT Ng med på.

Likevel opplever vi at det kjem mange meldingar til PPT NG, vi har motteke 54 nye meldingar på enkeltbarn frå november og fram til februar, i tillegg til system tilvisingar frå fleire skuler og barnehagar.

Dette gjer eit stort press på tenesta, og vi prioriterer så godt vi kan.

Ny rettleiar for spesialundervisning

Det er utarbeidd ny rettleiar for spesialundervisning. Skulens ansvar for utprøving av tiltak og dokumentasjon av dette er styrka, sjå

<http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/Veilederene-i-fulltekst/Spesialundervisning/> .

De same signala er gitt frå Kunnskapsdepartementet og frå fylkesmannen i Oppland. I rettleiaren for spesialundervisning står det mellom anna:

«4.3 Skolens håndtering av mistanke om at eleven ikke får tilfredsstillende utbytte av opplæringen. En sak om en elev har rett til spesialundervisning, starter med at noen har mistanke om at eleven ikke får tilfredsstillende utbytte av opplæringen.»

Skolens plikt til å vurdere elevens utbytte av opplæringen

Skolen har plikt til å vurdere og eventuelt prøve ut forskjellige tiltak som kan gi eleven tilfredsstillende utbytte av opplæringen. Se [opplæringsloven § 5-4⁶](#). Skolen skal vurdere om eleven kan få utbytte av den ordinære opplæringen før eleven eventuelt henvises til PP-tjenesten.»

NOU 2015:2 - Å høyre til handlar om utestenging og det psykososiale miljøet for elevar

Utvalet har skrevet ein lang rapport som er kunnskaps- og forskningsbasert. Det ligg ein rekke tiltak for å forbetre det psykososiale miljøet for elevar i denne meldinga, med krav til skular og skuleeigarar. Det er gjevne signal om at tiltak kan tre i kraft allereie frå neste år av. Høyringsfrist er 18.05.2015.

I denne rapporten legg nasjonale myndigheiter opp til at PPT skal ha ei rolle inn i skulane saman med skuleeigar, i forhold til å arbeide med utviklingstiltak i heile skulemiljøet overfor alle elevar, ikkje berre elevar med spesialundervisning. Systemarbeid styrkast enda meir. Nasjonale omorganiseringar skal styrke PPT gjennom flytting av ressursar (stillingar) frå Statsped til PPT. Her er link til dokumentet:

<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/?docId=NOU201520150002000DDDEPIS&ch=1&q=>

Velkommen til samling for kommunalsjefar, rektorar og leserettleiarar 28.04.15

Samlinga gjennomførast på Otta ungdomsskule kl. 10.00 – 15.00. Sjå eige program.

Vel møtt!

For PPT NG
Hilde Engvik Lusæter
Leiar